| | |
|---|---|
| **Fra:** | fmhopostmottak@fylkesmannen.no |
| **Sendt:** | tirsdag 7. november 2017 13.11 |
| **Til:** | Postmottak Austevoll; postmottak@fjell.kommune.no; postmottak@granvin.kommune.no; postmottak@bomlo.kommune.no; post@etne.kommune.no; fitjar@fitjar.kommune.no; post@odda.kommune.no; Post Osterøy; postmottak@ulvik.kommune.no; landbruk@bergen.kommune.no; postkasse@fusa.kommune.no; post@tysnes.kommune.no; postmottak@voss.kommune.no; postmottak@eidfjord.kommune.no; Postmottak Fedje; post@jondal.kommune.no; postmottak@kvam.kommune.no; post@kvinnherad.kommune.no; Postmottak Meland; Postmottak Radøy; postmottak@samnanger.kommune.no; postmottak@sund.kommune.no; postmottak@sveio.kommune.no; Postmottak Vaksdal; postmottak@oygarden.kommune.no; postmottak@askoy.kommune.no; Post Austrheim; Postmottak Lindås; postmottak@os-ho.kommune.no; Post Masfjorden kommune; Postmottak Modalen; post@stord.kommune.no; postmottak@ullensvang.herad.no |
| **Kopi:** | fmhooyv@fylkesmannen.no |
| **Emne:** | Tilskot til Spesielle miljøtiltak i jordbruket ( SMIL ) - Informasjon 2017 |

*E-post som i går blei sendt til mange av sakshandsamarane på landbruk, sjå under.*
*I tillegg minnar vi om at SMIL-strategi for 2018 manglar frå nokre av kommunane.*

Her er nokre tilhøve for både SMIL-tilskot og dreneringstilskot med fristar 10. november:

# For både SMIL-tilskot og Dreneringstilskot

- Gi beskjed så snart som mogleg dersom det er unytta midlar i kommunen. Det ligg saker på vent i andre kommunar, slik at vi kan omdisponere.
- Frist 10. november for å sende løyvingsvedtak og kopi av søknad. For registrering i utbetalingssystem hos Fylkesmannen.
- Vi ønskjer helst at de også sendar samleoversikt over årets løyvingar. På den måten kan vi ta ekstra kontroll hos oss om at alt er fanga opp. Minimum informasjon: namn og løyvd sum.
- Frist 10. nov for å rapportere bruk av midlar 2017 og behov 2018. Dette gjeld i første rekke SMIL (sjå under), men ta gjerne med vurdering av behov for dreneringsmidlar 2018 dersom de har grunnlag for dette.

# SMIL-tilskot

**Ekstra ramme for SMIL-tilskot 2017**
Vi har ein liten sum med ekstra midlar SMIL-tilskot 2017.

Meld behov innan 10. november: kva gjeld tiltaket, godkjent kostnadsoverslag, planlagt sum for løyving.

**Rapportering av SMIL-midlar 2017**
Som omtalt i «Forventnings- og tildelingsbrev landbruk 201» av 8.3.2017 var det frist 31. oktober for rapportering om bruk av SMIL-midlar 2017 .
Vi skreiv også at Fylkesmannen i god tid før fristen skulle sende ut skjema for rapportering.
Vi har gløymt å sende ut skjema, og utset difor fristen til 10. november.
De kan gjerne bruke skjema under. Dei kommunane som alt har rapportert på annan måte treng ikkje å sende ny rapport.

| Totalt tal søknadar | Løyvde søknadar | Avslåtte søknadar | Godkjent kostnadsgrunnlag | Løyvd sum | Formål Tal løyvingar for ulike tema / type tiltak | Kontroll omfang | Resultat av kontrollen | Utgåtte arbeidsfristar | Midlar som ikkje blir nytta i 2017 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | | | |

**Behov SMIL-midlar 2018**
Angåande behov 2018: her vil det vere av nytte om de nemner konkret kommande prosjekt, nye satsingsområde eller anna som kan synleggjere behovet for midlar i 2018 på ein konkret måte.
Same frist: 10. november

Med venleg helsing

Øyvind Vatshelle
seniorrådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland
landbruksavdelinga
tlf: 55 57 21 78
www.fylkesmannen.no/Hordaland
Abonner på nyhende frå Fylkesmannen
Send melding til Fylkesmannen